



# Årsplan 2020

## Avløysing – Landbruksvikar

Halde fram arbeidet med å rekruttere gode avløysarar til å ta oppdrag. Prøve å få på plass avløysarar i Hornindal etter to ringavløysarar som har slutta. Vidare skal vi arbeide for å ha gode og ryddige arbeidsforhold for dei tilsette.

I ein pressa arbeidsmarknad må vi arbeide kontinuerleg med å rekruttere avløysarar. Vi må kunne tilby gode lønns- og arbeidsvilkår, dette for å kunne ha ein stabil arbeidsstokk. Delta på Jobbmesse i regi av NAV i Nordfjord.

Komme med innspel til dei lokale bondelaga og NLT, opp mot jordbruksforhandlingane.

## HMS

Vidareføre arbeidet som vi har vore i dialog med Arbeidstilsynet om:

- bruk av reviderte arbeidsavtaler
- sende ut brev/avtaleskjema for å avklare ansvarsforhold mellom bonden og Vest LT
- innføre gode rutinar for å melde avvik
- gode rutinar for å sikre opplæring til utleigde arbeidstakarar
- gode rutinar for å fylgje opp overtidsbruk
- systematisk arbeid med helse, miljø og sikkerheit

## Heimeside

[www.vest-landbrukstenester.no](http://www.vest-landbrukstenester.no)

Ha ei til kvar tid oppdatert og informativ heimeside. Oppdatere oversikt på styret med telefonnummer.

## Marknadsføring

Halde fram med informasjon til både aktive, passive og eventuelle nye brukarar. Informere om våre tenester og om dei tilboda vi har til våre medlemmar.

## Diverse - Andre arbeidsoppgåver:

- Strategiplan: Samarbeide med Landbrukstenester Nordfjord
- gode rutinar for utlønning av avløysarane. Webtemp: Fleire brukar e-timelister.
- oppfølging/opplæring av avløysarane. Vurdere kurs i motorsag, varmekurs, verneutstyr
- Kurs i verneutstyr: Invitere med Landbrukstenester Nordfjord
- Eige motorsagkurs for damer
- Etterlyse utstyr/arbeidskle formsydde til damer og ungdom
- skaffe medlemmane avløysarar ved behov
- gode forsikringsordningar for medlemmane og avløysarane
- delta på kurs for LV/avløysar/administrasjon
- delta på NLT si Vår-samling og Haust-samling